



Arkiv nr:

Sak nr 08/21

Møtedato: 12.05.21

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

## 08-21, S794 - Murkelie - Riving av gamal løe\_oppføring av ny løe

Stølsbrukaren, Knut Arild Thon, søker om å rive ei gamal løe som står på stølsjordet, den er oppgjeve til å vere forfallen og råte i stokker. Det ynskjes oppført ny tilsvarande løe, men med eit litt anna preg enn den gamle. Han oppgjev at stølen har ei anna, tilsvarande løe som er intakt som han meiner er med og opprettheld kulturlandskapet, og dermed bør det kunne byggast ein ny i staden for den som no ynskjes rive.

Stølen er etter fjellova i bruk og skal behandlast etter §10 i stølsforskrift, då det er mjølkedrift på stølen. Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal leggje saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet. Om fjellstyret vil krevje at hus eller anlegg som alt står, skal rivast, må fjellstyret leggje saka fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved nybygg og endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påverke eksisterande kulturmiljø.

Statskog si uttale til saka: har ingen merknader til tiltaket.

Innlandet fylkeskommune – kulturvern si opphavlege uttale:

*Kulturarvseksjonen har vurdert søknaden, og fraråder fjellstyret å innvilge omsøkte riving og oppføring av ny løe. Vi vil på det sterkeste oppfordre søker til å ta vare på løa i stedet for å rive og bygge nytt. Etter vår vurdering er dette en bygning med kvaliteter i stølsmiljøet som bør bevares.*

*Det oppfordres til å søke om støtte til istandsetting av løa, se mer informasjon i vedlagt uttale.*

Då fylkeskommunen frarådde å rive den gamle løa, tok fjellstyret kontakt med stølsbrukaren. Han oppgjev at løa er i dårlegare forfatning enn bileta viser, og konkluderer med at alt må skiftast ut. Det er og oppgjeve nærare definert bruksbehov i siste epost frå stølsbrukar

Administrasjonen sende denne siste eposten frå stølsbrukaren til ny vurdering hjå Innlandet fylkeskommune, der det kom følgjande supplerande uttale:

*Vi har forståelse for at det er en del skader, men slik vi leser bildene er det fortsatt muligheter her til å bevare noe. Vi vil derfor fortsatt oppfordre søker til å sette i stand løa i stedet for å bygge nytt. Det er ikke sikkert at det blir mer kostbart enn å bygge nytt, kanskje heller tvert imot. Her har han også en unik mulighet til å søke tilskudd for å sette i stand, det er nok ikke sikkert han kan få det dersom en velger å bygge nytt. Søker kan eventuelt ta kontakt med bygningsvernrådgiver ved Valdresmusea for en vurdering. Det er et gratis tilbud inntil et dagsverk og Rudi kan se på tilstand, gi råd om istandsetting og eventuelt tilpasning til ny bruk.*

*Dersom en allikevel ender på å bygge nytt må det gjøres en del tilpasninger i forhold til materialvalg for bedre tilpasning til den lokale byggeskikken. Det er positivt at han ønsker å bygge like stort og høyt som det opprinnelige slik at en beholder den opprinnelige formen og plassen i kulturlandskapet.*

*Det bør imidlertid velges vanlig låvepanel i stedet for villmarkspanel. Og denne bør stå ubehandla for naturlig gråning i stedet for at den beises med lys beis. Taket bør heller ha galvanisert bølgeblikk i stedet for torv. Grunnmur i betong vil fremstå som et fremmedelement på løa og bør unngås, eventuelt tilpasses med natursteinsforblending for å bedre ivareta den lokale byggeskikken i stølsområdet.*

Slik administrasjonen er stølsbrukar fortsatt av den oppfatning at han ynskjer å bygge nytt. Dersom dette skal vektleggast, er det siste avsnitt i fylkeskommunen si uttale som er mest relevant.

Administrasjonen føreslår å stille krav om noko tilpasningar i tråd med fylkeskommunen si uttale for å sikre betre tilpassing til den lokale byggeskikken. Dette går på følgjande:

- Vanleg låvepanel istaden for villmarkspanel
- Bølgeblikk på taket
- Inga overflatebehandling, men for å framskande naturleg gråning kan jernvitrol eller lys beis brukas.

Med disse tiltaka vil ein i stor grad tilpasse seg den lokale byggeskikken på løe i statsallmenninga. Storleiken på løa er jo tilnærma opphavlege mål, så dette ivaretek og ein del av historikken. Når det gjeld betong i grunnmur er ikkje dette eit framand element i allmenninga, og bør kunne godtakast. Det er heller ikkje vist høy grunnmur i byggeteikning, og terrenget er flatt på staden så det er heller ikkje behov for dette.

Generelt er gamle løer viktig å oppretthalde, då dette er som regel det bygget som har minst verdi på ein støl då det vanlegvis ikkje er i bruk som før. Derfor forfell mange slike løer, då det er liten interesse for å vedlikehalde desse. Det vil sannsynlegvis vere ein subjektiv definisjon av kva som er bevaringsverdig, sett ut i frå ein gardbruker sine auge samanlikna med verne myndigheitene.

Med ein tilpassing av stølsbrukaren sine ynskje opp i mot dei viktigaste momenta til kulturvern myndigheitene, kan det vere eit akseptablet kompromiss med nokre tilpassingar, for det er viktig å oppretthalde det stølspreget som vi har i statsallmenninga. Men som da og gir noko rom for ein viss utvikling i «tida og tilhøve»

### **Framlegg til vedtak**

Fjellstyret godkjenner søknaden etter §10 stølsforskrift, med vilkår om at det vert nytta vanleg låvepanel istaden for villmarkspanel, bølgeblikk på taket, men for å framskande naturleg gråning kan jernvitrol eller lys beis brukas.

Ein ber vidare søkjaren om å vurdere fylkeskommunen sitt innspel om mogleg å nytta anna enn betong som fundament dersom dette er praktisk i forhold til bruken.

### **Vedtak**

Fjellstyret godkjenner søknaden etter §10 stølsforskrift, med vilkår om at det vert nytta vanleg låvepanel istaden for villmarkspanel, bølgeblikk på taket og inga overflatebehandling/jernvitrol for å framskande naturleg gråning, evt lys beis.

Ein ber vidare søkjaren om å vurdere fylkeskommunen sitt innspel om mogleg å nytta anna enn betong som fundament dersom dette er praktisk i forhold til bruken.

*Generelle reglar om fjellstyrevedtak:*

*Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.*

*Byggeløyver er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden, alternativt at det sendt byggemelding for bygg som berre krev meldeplikt. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.*

*I følge §28 i forvaltningsloven kan enkelvedtak/forskrift klagast over og forvaltningslova sine reglar er gjort gjeldande for fjellstyret si saksbehandling etter fjellova, jf. §10 i fjellova . Etter forvaltningslova § 2 fyrste ledd bokstav a er «vedtak» definert som «en avgjørelse som treffes under utøving av offentlig myndighet og som generelt eller konkret er bestemmende for rettigheter eller plikter til private personer (enkeltpersoner eller andre private rettssubjekter)». Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.*

Vestre Slidre fjellstyre den 14.05.2021

Kenneth Monsen  
sekretær

Utskrift: Stølsbrukar  
Statskog  
Vestre Slidre kommune  
Innlandet fylkeskommune